

GOD PÅSKE

*Påskemorgen slukker sorgen,  
slukker sorgen til evig tid,  
den har oss givet lyset og livet,  
lyset og livet i dawning blid.  
Påskemorgen slukker sorgen,  
Slukker sorgen til evig tid.  
Norsk salmebok nr. 191*



KYRKJELDSDLAD FOR ETNEDAL

# KYRKJÆVARDEN

Nr. 1

Påska 2019

51. årgang



# DEN NORSKE KYRKJA

## KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



**KYRKJEVERJE**  
Marie Bjørnødegård  
tlf. 61 12 13 20 / 918 37 011  
E-post: mb836@kyrkja.no  
Kontortid: Måndag, tysdag, torsdag og  
fredag 09 - 15



**SOKNEPREST**  
Marit Slettum  
tlf. 913 93 314  
E-post: ms638@kyrkja.no  
Inga fast kontortid, men er ofte innom  
Tlf. 61 12 13 22  
Opptake ? Legg gjerne att beskjed  
Samtale ? Ring og avtal tid  
Måndag er prestens fridag



**ORGANIST**  
Serhiy Bykov  
tlf. 90 21 29 45  
E-post: sb742@kyrkja.no



**TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDAR**  
Helena Wright  
tlf. 951 78 041  
E-post: helenals.wright@gmail.com



**KYRKJELYDSARBEIDAR**  
Ellen Oddveig Rudi  
tlf. 948 65 195  
E-post: er623@kirken.no



**SAKSBEHANDLAR**  
Linda Mæhlum Robøle  
tlf. 957 64 900  
E-post: lr895@kyrkja.no



**KYRKJETENAR**  
Nils Kjell Nilsen  
Tlf. 918 22 336  
E-post: nn934@kyrkja.no

## KYRKJEKONTORET

Etnedal kommune,  
Kyrkjevegen 26, 2890 Etnedal  
61 12 13 00 / fax 61 12 13 01

## DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL:



**BRUFLAT SOKNERÅD**  
Kjell Fjeld, leiar  
tlf. 404 04 820  
E-post: kjell@fjellsbygda.no



**N. ETNEDAL SOKNERÅD**  
Klara Månun, leiar  
tlf. 909 44 332  
E-post:  
klarathon.manum@gjensidige.no



**ETNEDAL KYRKJELEGE  
FELLESRÅD**  
Ole Bergene, leiar  
tlf. 950 89 360  
E-post: Ole.bergene@hotmail.com

## KYRKJEVARDEN

Kyrkjelydsblad for Etnedal  
Utgjevar: Sokneråda i Etnedal  
Redaktør: Marit Slettum  
Fast medarb.: Ingun Kompen

### Ekspedisjon:

Kyrkjekontoret, 2890 Etnedal

### Bladpengar:

Kr. 200,- eller meir for året  
Til adresse utanom Etnedal: kr. 250,-  
Bankgiro: 2140 20 14188

Prenta i Land Trykkeri as, Dokka

# Oppslagstavla



## Bibelordet:

«For av nåde er de frelste, ved tru.  
Det er ikkje dykkar eige verk,  
det er Guds gåve»

*Frå brevet Paulus skreiv til kyrkjelyden  
i Efesus, kap. 2, vers 8*

## GUDSTENESTER I PÅSKA

### Palmesøndag, 14. april

Kl. 1100 Klubbhuset, Mosletta

### Skjærtorsdag, 18. april

Kl. 1630 Etnedalsheimen  
Kl. 1900 Bruflat kyrkje

### Langfredag, 19. april

Kl. 1100 Røde kors-hytta, Lenningen

### 1. Påskedag, 21. april

Kl. 1100 Bruflat kyrkje

### 2. Påskedag, 22. april

Kl. 1100 Nord-Etnedal kyrkje



**Forsidefoto:** Marit prest

## Kyrkjelydsfest

Fredag 29. mars kl. 18.00 på Bruflat menighetshus

Gjest: Sokneprest i Vang,  
Ingebjørg Vik Laugaland

Tema: «Då Jesus møtte dei  
frivillige»

Helena og Serhiy spelar,  
Bruflat sangkor deltek  
Servering - utlodning



## Påskemøte



Bruflat menighetshus  
Langfredag, 19. april  
kl. 19.

Ernst Jan Halsne talar  
og Gjenbruksmusik-  
ken syng.

Arr.: Norsk Luthersk  
Misjonssamband



**KIRKENS NØDHJELP**  
actalliance

## FASTEAKSJONEN 2019 7. – 9. APRIL

Konfirmantane vil gå frå dør-til-dør med bøsser.

Aksjonen blir avslutta med fasteaksjonskveld  
på Bruflat menighetshus tysdag 7. april kl. 18.00

Regionkonsulent Kristin Tepstad Eide blir med,  
og Knut Ole Gladhaug har VANN som tema.

Diakoniutvalet er arrangør.

## Påske og oppstandelsens håp



Korset kan vi fatte. Dødens virkelighet kjenner vi godt til. Men kan vi fatte oppstandelsen?

At våren kommer snart, det vet vi. Så lenge det er tale om sol og måne, blomster og trær, kan vi være i en grunnleggende tillit til tilværelsen. Men at oppstandelsen fra de døde, og nytt liv angår oss som hendelse, kan det

være vanskeligere å tro eller begripe.

For kort tid tilbake besøkte jeg Sankt Peter-kirka i Kairo i Egypt. I 2014 var det et terrorangrep her. Det var vondt å se minneplatene med bilder av de 29 som ble drept. Da vi stod utenfor kirkeporten kom ei kvinne bort og pekte på bildet av ei av de drepte og sa at dette var hennes søster. Hun uttrykte sorg og savn i det hun fortalte, og slik ble de døde på minneplata mer enn navn. Dette gjorde et sterkt inntrykk, sammen med det som under besøket ellers ble formidlet av tro, håp og tillit til at døden ikke er det siste.

I møtet med hun som hadde mistet søstera si, med kirkerommet og minneplatene tenkte jeg på påskeberetninga der mismot og frykt bredte seg blant Jesu venner da han døde. Da han sto opp, vendte motet tilbake. Det sier noe om at Jesu oppstandelse er vårt

fremtidshåp, men også en livgivende kraft her og nå. –Frykt ikke! sa engelen ved graven. –Fred! Sa Jesus da han møtte sine venner.

Ved besøket i Egypt var jeg også på retreat - og opplæringscenteret Anafora. Etter koptisk tradisjon har de mange ikoner og malerier. I en egen halvsirkel formidles historia om Maria Magdalena. Bildene viser at Maria Magdalena opplever seg sett av Mesteren, og at hun vil ære Ham ved å vaske føttene hans. Senere klamrer hun seg gråtende til korset, og i sorg går hun til graven og får oppleve den oppstandne i hagen. På det neste ikonet i serien ser vi hvordan hun forteller de andre om hva hun har opplevd. Rak og myndig står hun der og forteller at Mesteren lever. Hun har møtt Ham! Hun har opplevd kraften og håpet i møtet med den oppstandne.

Påskemorgen slukker sorgen, sier salmen. Og jeg vil gjerne legge til – og skaper mot og håp! Påskens budskap kaster lys over livet og døden, forsoning og kjærlighet, nestekjærlighet og gudskjærlighet. Det folder seg ut i stadig nye nyanser i håpet som får sin sterkeste ramme i Jesus Kristus, som på påskedag viste oss at selv ikke døden kan stå imot kjærlighetens kraft.

Med ønske om velsignet påskehøytid!

Solveig Fiske  
Hamar biskop



*Fra Anafora i Egypt*



## PÅSKE-SPØRSMÅL

1. Kor mange heilagdaggar er det i påska?
2. Kva bestemmer når påska kjem?
3. Når vart appelsinar populært påske-godt i Noreg?
4. Kor mange prosent nordmenn går i kyrkja i løpet av påska?
5. Kva dag rei Jesus inn i Jerusalem?
6. Kva fekk Judas for å forråde Jesus?
7. Kva heitte den romerske landshøvdingen som dømte Jesus til korsfesting?
8. Kva heiter staden der Jesus vart korsfesta?
9. Kven var Barabbas?
10. Kor mange dagar vandra Jesus på jorda etter oppstoda?

1. 4
2. Fyrste påskedag er fyrste sundag etter fyrste fullmånne etter vafjevndøgn.
3. Sist i 1950-åra, då importestriksjonen av sitrusfrukt vart oppheva.
4. Om lag 4 prosent.
5. Palmesundag.
6. 30 sølvpenngar.
7. Pontus Pilatus.
8. Golgata
9. Ein berykta forbrytar som vart lauslaten i staden for Jesus.
10. 40 dagar.

## Tre blomar

Det var ein gong tre blomar. Menneska hadde gjeve dei mange namn, og nokon sa at dei hadde vakse opp under Frelsaren sitt kors.

Sidan hadde dei spreidd seg til alle land.

Så skjedde det at ein stor vinter kom over verda. Is og snø dekkja all jord.

- Kor er alle blomane, spurde menneska. Dei fleste trudde for visst at plantene hadde frose i hel.

Vinteren vara ved, den eine dagen gjekk over i den andre.

- Skal det aldri bli vår att, sukka folk. Men ingen såg teikn til det. Frost og kulde vara veke etter veke. Då dei fyrste spirene viste seg på ein berrfleck, spådde kloke hovud at dei aldri kom til å klare seg. Det såg lenge ut til at dei kloke skulle få rett. For det kom meir frost og meir snø.

Menneska venta og lengta. Det gjekk så smått at ingen heilt merka endringane, korleis det begynte å tine under snøen. Berr-flekkane vart større og større. Ein vakker dag var det ikkje vinter lenger.

- No blir det vår, ropte ungane. Bekkane gjekk fulle av vatn, linerlene vippte med stjerten og ungane hoppa på paradiset. Til slutt stod sjølve sommaren for døra. Då var menneska ute att på vegar og stigar. Det vart pinse, og eit velsigna vår. Blomane stod mot sola – grønne, gule og raude.

- Kva heiter dei, spurde menneska.

- Vi heiter Tru, Håp og Kjærleik, kviskra blomane.

Dan Lindblom

# Påskesymbol

## Korset er påska sitt viktigaste symbol

Det finst omlag 400 korstypar, men på langt nær alle blir brukt. Det latinske korset er mest brukt i vår kyrkjelege tradisjon. Forskarane trur at Jesu kors såg slik ut. Korset er laga slik at det eine treet vart sett på tvers av det andre. I russisk tradisjon er det tre tverrstykkje, det underste på skrå.

På ein måte blir korset eit symbol på at motsetnadene møttes på Golgata. Himmelen møtte jorda, og Gud møtte mennesket. Hat møtte kjærleik, og skyld møtte nåde.

I Jesus på korset begynner det nye livet, og difor står korset som eit symbol på liv og siger.

Korset er ikkje det eldste av dei kristne symbola. Dette kjem av at krossfesting var ei mykje brukt straffemetode som var sett på med skam og vanære. Difor var det ikkje naturleg for dei fyrste kristne å bruke korset som eit symbol på ære og siger.

Men på 500-talet hadde dette endra seg, og sidan var korsmerket å finne over alt.

Kyrkjefader Chrysostomus skriv: « Korsteiknet som alle ein gong avskydde, finnst nå hos fyrstar og deira undersåttar, hos kvinner og menn, slavar og frie... Overalt ser ein det høgakta og æra: i husa, på vegg og

tak, i byar og landsbyar, på torga, ved vegar, i ørknar, på berg og i dalar, på øyane i havet og på skip, i bøker og på våpen.»

Krusifikset – Korset med Jesuskikkelsen – har vore brukt heilt sidan rundt år 500 etter Kristus. Mange av dei er vakkert utsmykka, medan andre er grovskorne og enkle. Felles for dei er dei utstrekke armane til Jesus som blir tyda slik at dei famnar alle menneske.

## Påskelammet

Kristus blir omtala som eit offerlam som skulle ofrast for menneska sine syndar.

Lammet er eit bilde på Jesu saktmod og mildskap.

Hos jødane står tradisjonen med å slakte påskelammet sterkt, ettersom den jødiske påskefesten vert feira til minne om jødane si flukt frå farao og Egypt.

Også hos oss er lammesteik ein populær middagssrett i påsken, utan at bakgrunnen for det blir mykje omtent.

Pelikanen som påskesymbol er lite kjent hos oss, men i fleire sydlege land har fuglen vore symbol på omsut og oppofring, av di det har vore ei oppfatning at pelikanmora har mata ungane med sitt eige blod. Det er eit bilde på at Jesus ofra sitt eige blod for menneska.



I Tromsøysund kyrkje er det eit glasmåleri som syner ein pelikan som hakkar seg til blods for å nærere ungene sine.



### Påskesola

I 2000 år har påskesola vore sjølve symbolet på den oppstadne Kristus. Det vart ein solrenningsfest då kvinnene møtte Jesus. Påskesola er mykje brukt som symbol og motiv i salmer og i bildekunst.

Ein gammal påsketradisjon var å gå opp på ein ås eller fjelltopp i solrenninga påskemorgon. Dersom det var klarver, kunne ein sjå sola danse av glede over at Kristus var stått opp.

### Påskesymbol i heimane

Ein del påskesymbol som ikkje brukast i kyrkjene, har etter kvart fått mykje utbreiing i heimane.

Mange av dei stammar heilt frå førkristen tid, men har opp gjennom tida blitt fylt med nytt, kristent innhald.

Kvistar skal leia tankane til palmesyndag då folk helse Jesus med palmekvistar.

Egg vart i førkristen tid knytta til fruktbarheit.

For dei kristne vart egget og kyllingane teikn på det nye livet dei hadde fått etter Jesu sigerrike død. Påskefargen er jo gult og kan assosieres til sol og kyllingar.

Påkehøna står og som eit symbol på Jesu kjærleik og omsut. Om Jerusalems folk seier han at han ville

samle dei, slik som ei høne samlar ungene sine under vengane sine, « men de ville ikkje».

Hanan som symbol knyttast til apostelen Peter som kom til å fornekte Jesus tre gonger før hanen hadde gale to gongar.

Påkeharen er viktig for ungar av i dag, av di han sørgjer for påskegodt i mange heimmar. I gammal hedensk tradisjon høyrer vi om fuglen som fekk egg sine øydelagt av ein hjartelaus jeger. Han flaug til vårgudinna og ba henne om å bli forvandla til ein rask og lur hare som kunne lure jegeren. Ettersom han før hadde vore ein fugl, bevarde han evna til å legge egg. Tradisjonen med at ungene leiter etter marsipan- og sjokoladeegg på hemmelege stader påskeftan, er altså ein hedensk tradisjon.

No blir kyllingar, egg, hane og høne brukt som dekorasjonar på alt frå serviettar og dukar til påskegodt, og til pynt av mange slag i heimane. Så tradisjonane lever på mange slags vis. Men i det siste har dekorerte egg også fått plass i mange kyrkjer, der dei heng på kvistar med bjørkelauv.

Påskelilja og andre vårblomar skal leie tankane til hagen, der Jesus møtte kvinnene påskemorgon.

*« Sjå, Jesus går i sola så levande og glad  
blant ville anemoner og skimrande olivenblad.  
Og det er vår; og det er fest i Palestina land.»*

Tone Steinset



### Visste du .....

...at kyllingen er eit symbol både på våren og det nye livet, og på Jesu oppstode, etter som den bryt seg ut av skallet slik Jesus braut ut av grava.



...når nordmenn starta å vera på fjellet i påska rundt 1900, då jernbanen kom og gjorde fjellheimen meir tilgjengeleg.



...at appelsinar vart ein del av norsk påsketradisjon fyrst mot slutten av 1950-talet, då importrestriksjonen på sitrusfrukt vart oppheva i 1956.



...at grunnen til at Noreg som det einaste landet i verda har tradisjon med påskekrim? Det er fordi laurdag før påske i 1923 trykte Aftenposten ein annonse for krimboka "Bergenstoget plyndret inat". Mange lesarar forsto ikkje at det var ein annonse, og alt året etter var påskekrim ein etablert sjanger i Noreg.

...at dei fleste nordmenn feirar påska i sin eigen heim?

...at Påskeøya fekk namnet sitt av den nederlandske oppdagaren Jacob Roggeveen, som var den fyrste europearen som kom til øya 1. påskedag 1722 og gav øya det namnet?



....at det er ein plass i Noreg mellom Fredrikstad og Sarpsborg som heiter Påskefjellet?



...at marsipan i middelalderen vart seldt frå apotek?



...at rosenkål har meir c-vitamin enn appelsin og kiwi?



Ingun

# Frå «Vandrande tankar»

av Roar Strand

## Englevakt

Kor mange gonger i livet  
har du hatt englevakt?  
Der ørsmå marginalar  
skilde liv i frå død i si makt?  
Så var det kan hende,  
ikkje berre lykke og hell  
at du berga livet.  
Var det ein som var med deg lell?

## Bakom min rygg

Møter så mange  
som smyg seg så stille,  
veit ikkje om  
dei kjem eller går.  
Meiningar har dei,  
når ryggen eg vender.  
Då har dei svara,  
og veit kvar dei står.

## Skuldfri og rein

Alt treng ein ikkje seia,  
sanninga blir ikkje sannar av det.  
Løgna som skapast kan teiast i hel,  
miste si kraft og få døy i fred.  
Livet lærer oss dette,  
ingen er skuldfri og rein.  
Hugs det, før du lyftar handa,  
og kastar den fyrste stein.



## En tåre renner

En tåre renner fra ikonet,  
en mager mann med tornekrone.  
Grepet ser jeg ned,  
min tro, mitt håp, min fred.  
Jeg ser hva jeg har gjort,  
og legger kronen bort,  
men straffen lå på deg, skammen bærer jeg.

Et ord, en mann, et speil, en gåte,  
forundret ser jeg speilet gråte.  
Så lite tro jeg har, jeg overhører svar.  
Jeg trodde det var meg som skulle redde deg.  
Skamfull ser jeg ned, det var du som led.

En mager mann som stille lider.  
Evig Gud til alle tider, i himmel og på jord,  
min frelser og min bror.  
Jeg ser hva jeg har gjort, og legger kronen bort.  
Straffen lå på deg, nåden bærer meg.

Bjørn Eidsvåg

# Min salme

Eg vil fyrst få takka min kamerat gjennom alle år,  
Erling Brufladt, så mykje for utfordringa.

Etter nøye vurdering, vart mitt val "Deg være ære". Eg minnest denne salma godt frå konfirmantundervisninga. Dette er ei mykje brukt salme og særleg no i denne høgtida.

## Deg være ære

*1 Deg være ære, Herre over dødens makt!  
Evig skal døden være Kristus underlagt.  
Lyset fyller haven, se, en engel kom,  
åpnet den stengte graven,  
Jesu grav er tom!*

## Omkved

*Deg være ære,  
Herre over dødens makt!  
Evig skal døden være  
Kristus underlagt.*

*2 Se, Herren lever!  
Salig morgenstund!  
Mørkets makter bever:  
Trygg er troens grunn.  
Jubelropet runger:  
Frelseren er her!  
Pris ham, alle tunger,  
Kristus Herre er!*

*3 Frykt ikke mere!  
Evig er han med.  
Troens øye ser det:  
Han gir liv og fred.  
Kristi navn er ære,  
seier er hans vei,  
evig skal han regjere,  
aldri frykter jeg.*

Vidare vil eg få utfordre min gode ven, Kristian Bergene,  
til å finne si salme og dele den med oss.



Joachim  
Sveen

## Ønskediktet

Takk te Jane Iren Solbrekken-Nygård før utfordringen  
og muligheten te å bringe stafettpinnen vidare.

Det finns mykje god lyrikk i vårt landstrakte land, og valget med å plukke ut eit dikt,  
er ikkje så lett. Diktet eg har valgt er «Nordmannen»

Symra, 3. utgåva 1875 av Ivar Aasen. Dette er eit dikt som eg  
hugsar frå eg var liten, og har fulgt meg heile livet.

### «Nordmannen»

*Millom Bakkar og Berg ut med Havet  
heve Nordmannen fenget sin Heim,  
der han sjølv heve Tufterna gravet  
og sett sjølv sine Hus uppaa deim.*

*Han saag ut på dei steinutte Strender;  
det var ingen, som der hadde bygt.  
"Lat oss rydja og byggja oss Grender,  
og so eiga me Rudningen trygt."*

*Han saag ut paa det baarutte Havet;  
der var ruskutt aa leggja ut paa;  
men der leikade Fisk ned i Kavet,  
og den Leiken den vilde han sjaa.*

*Fram paa Vetteren stundom han tenkte:  
Giv eg var i eit varmare Land!  
Men naar Vaarsol i Bakkarne blenkte,  
fekk han Hug til si heimlege Strand.*

*Og naar Liderna grønka som Hagar,  
naar det laver av Blomar på Straa,  
og naar Næter er ljosa som Dagar,  
kann han ingenstad vênare sjaa.*

Vidare vil eg gje utfordringa til Jostein Bergene. Vi er mykje samman i  
arbeidssammenheng og på fritida, og det er lett å sjå hans glede og interesse av lyrikk.



Bjørn Mikael  
Espelien



## KIRKENS NØDHJELP

actalliance

For over 50 år siden bestemte menighetene i Norge seg for å ha en årlig innsamlingsaksjon til Kirkens Nødhjelp sitt internasjonale arbeid. Fasteaksjonen er i dag den nest største innsamlingsaksjonen i Norge, - etter TV-aksjonen. Aksjonen er lagt i en tid av kirkeåret som heter fastetiden. Selve Fasteaksjonen arrangeres over hele landet søndag til tirsdag før palmesøndag.

## FASTEAKSJONEN 2019



Arkivfoto frå tidlegare fasteaksjon i Etnedal. Kirkens nødhjelp-kontakt Tutta Solberg og ordførar Toril Grønbrekk teller.

### 7. – 9. APRIL

Konfirmantane vil også dette året gå frå dør-til-dør med bøsser.

Aksjonen blir avslutta med fasteaksjonskveld på Bruflat menighetshus

Tysdag 7. april kl. 18.00

Regionkonsulent Kristin Tepstad Eide blir med, og Knut Ole Gladhaug vil fortelje om vann som naudsynt livsressurs.

I tillegg blir det blir servering og utlodding.

## Eit kvardagsglimt frå Somalia

### Hawo si hjelpande hand

Etter at mamma og storebror døydde har 12 år gamle Hawo tatt over mykje av det daglege ansvaret for familien. – Aller helst vil eg bli sjukepleiar. Fordi eg ønsker å hjelpe andre.

Smilet sit eit stykke inne, men det er likevel ein vaksen mildskap i blikket til Hawo. Ei blanding av sjenanse, og opplevingar ingen unner eit barn. For få år sidan, ho hugsar det så godt, levde ho med mor og far, fem brør og ei syster. Eit enkelt, men godt liv som nomadar ute i det golde ørkenlandskapet i Puntland i Somalia. Det var før regnet slutta å kome. Sesong etter sesong. Før geitene dei levde av byrja å døy,

eitt dyr om gongen. Før dei sjølv vart utmagra. Før Hawo mista mamma og deretter storebror. Han var berre skinn og bein, og då han vart sjuk makta ikkje kroppen meir.

### Livreddande vatn

– Vi har ingenting. Men vi kom hit for at vi ikkje skulle døy, sier Hawo med lav stemme. Ho fortel at dei vaksne bestemte at storfamilien måtte kome seg til provinshovudstaden Garowe. Hit til flyktningleiren Jilab 3, der nye klimaflyktningar strøymar til kvar einaste dag. Frå 2010 til 2012 vart Somalia ramma av den mest alvorlege tørka på 60 år og hungersnauden tok livet av nærare 260.000 menneske. Ifølgje FN er 2.6 millionar somaliarar i dag på flukt, hovudsakleg frå tørke, men òg frå konflikt.

Dei har mista stort sett alt, men heldigvis sørger Kirkens Nødhjelp for reint vatn her i leirane. Det er helt avgjerande for å unngå vassbårne sjukdomar som



kolera – og for at folk skal kunne overleve under dei særskrevjande tilhøva. Dei daglege turane til ein av vasspostane er det Hawo som står for. I tillegg til at ho lagar mat, vaskar kle, passar småsøsken og held reint i og utanfor det enkle teltet. Etterpå gjer ho mykje av det same også for tanta som bur i ein annan flyktningleir 20 minutt gange unna.

#### **Eitt av dei beste**

– Hawo er eitt av dei beste barna som fins. Ho er framleis så ung, men gjer alt av husarbeid, også mange ting vi ikkje treng å be henne om. Ho er ærleg, og gjer mykje heilt på eige initiativ, eg trur at ho kan bli ein god gründer, seier Fadumo Abdinur Hirsi (60) og klappar kjærleg på tantebarnet sitt.

– Eg vil vere ei flink jente. Eg ønsker å hjelpe andre, og om eg får jobb på eit sjukehus kan jeg hjelpe mange. Og kanskje gje ballar til barna, så dei har

noko å leike med. Det har eg lyst til, seier Hawo.

Avhengig av hjelp for å hjelpe for at Hawo og andre skal få reint vatn, trengs det hjelp frå mange norske frivillige. Folk som ikkje er på flukt, men som har engasjement, slik som Hawo, og eit ønske om å hjelpe menneske i ein særskrevjande situasjon. Kvart år er tusenvis av frivillige med på å samle inn pengar til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid gjennom Fasteaksjonen. Det er nettopp desse pengane som gjorde det mogleg å levere reint og trygt vatn i Somalia. For Hawo og fleire tusen andre flyktningar har dette vore livsviktig hjelp.

I år òg år skal frivillige over heile Norge vere med på å samle inn pengar til brønnboring, latrinebygging og andre tiltak som reddar liv rundt om i verda. Du òg kan bidra når kyrkjelydane våre skal gjennomføre årets aksjon.

## Bibelens påske i norsk daglegtale

Norsk daglegtale har mange ord og uttrykk som har sitt opphav i bibelske hendingar i påska.

Tekst og foto: Dag K. Smemo

Saman med bilete frå Jerusalem, staden der det skjedde, nemner vi nokre aktuelle ord og uttrykk, som til dømes: Tretti sølvpenge, tretten til bords, hokuspokus fliokus og toe sine hender.



Vi kjenner uttrykket «Tretti sølvpenge», eller «Judaspenge». Det vert gjerne brukt som uttrykk for den betalinga en forrædar tek for sitt svik. Judas var ein av Jesu læresveinar. Han gjorde ein avtale med overprestane om å vise dei kor dei kunne finne Jesus og ta han til fange. For dette skulle han få tretti sølvpenge. Etter Jesu død angra Judas og kasta pengane inn i tempelet. Fordi pengane var blodpenge, kunne dei

ikkje gå tilbake til tempelkassa. Dei vart difor brukte til å kjøpe eit jordstykke der ein kunne gravleggje framande. Jordstykket fekk namnet Blodåkeren. (Matteus 26,14–16 og Matteus 27,3–10).

### Judas

Ein «Judas» er ein forrædar, som svik sin ven. Eit «judaskyss» er eit forrædarsk kyss, eit forræderi fordekt som venskap. Etter Jesu læresvein, Judas Iskariot, som for tretti sølvpenge forrådde Jesus og viste øvsteprestane kor dei kunne finne Jesus i Getsemanehagen skjærtorsdag. Han hadde avtalt eit teikn med vaktene: Den eg kysser, han er det. Han skal de ta! Hos evangelisten Lukas seier Jesus om dette kysset: Judas, svik du Menneskesonen med eit kyss? Kunstnarar framstiller ofte judaskysset som eit kinnkyss, men kanskje var det eit handkyss. Ein pleidde å helse folk med eit kyss på handa eller foten for å vise vørdnad. (Matteus 26,48–49 og Lukas 22,48).

Mange meiner at Jesu siste nattverd vart halden i ein sal omtrent som denne i Jerusalem. Frå dette kveldsmåltidet har vi uttrykk i vår daglegtale. To av dei mest kjende er kanskje «tretten til bords» og trylleformularen: «Hokuspokus fliokus».

Gammal overtru seier at det bringa ulukke å vere «tretten til bords». Det stammar nok frå Jesu siste måltid med sine disiplar skjærtorsdag. Judas var nummer tretten, og han gjekk bort og sveik Jesus. For



mange er det framleis skremmande å vere «tretten til bords».

### Hokuspokus


Uttrykket «Hokuspokus, filiokus» kjenner vi som eit trylleformular. Det er ikkje eit bibelsitat, men har sitt utspring i bibelteksten om Jesu siste måltid med sine læresveinar. Uttrykket er opphavleg ei forvrenging av innleiingsorda til Jesu siste måltid, i kyrkjjas nattverdriturgi på latin: Hoc est corpus meum som betyr: Dette er min lekam. Mens filiokus kjem av ordet filioque som betyr: og sonen. (Matteus 26,17–26 og Lukas 22,14–23).



«Tornekrona.» Jesus vart krossfesta, men først vart han pint og plaga. Slik skildrar Matteus dette: Dei kledde av han og hengde på han ei skarlaksraud soldatkapp, fletta ei tornekrona og sette på hovudet hans og gav han ein kjepp i høgre handa.

Uttrykket «Ecce homo» vert nytta i kunstspråket for å vere uttrykk for bilete med den tornekrona Kristus. Latin for: «Sjå det mennesket.» Slik sa Pilatus då han hadde fått Jesus piska og audmjuka, og før dødsdommen vart avsagt.

Då hadde Pilatus først «Toet sine hender», som det heitte i eldre bibelomsetjingar på bokmål. Eit uttrykk som seier noko om at ein fråskriv seg ansvaret for noko. Det sa Pilatus etter at han har avsagt dødsdommen over Jesus, men skuldar på jødane sine leiarar og fråskriv seg ansvaret. Å vaske hendene var ein gammal skikk, omtala i Det gamle testamentet, det vart nytta for å fråskrive seg ansvar eller skuld eller erklære si uskuld i noko. Mest kjent, og framleis brukt, i dei gamle formene: «toe sine hender» eller «tvette sine hender» (1904-omsetjinga). I ny omsetjing heiter det: «vaske hendene». (Matteus 27,24–29 og Johannes 19,5). KPK



# Informasjon frå kyrkjekontoret:

## Gravstell



Etnedal kyrkelege fellesråd har i mange år hatt trufaste medarbeidarar som har stelt graver for festar som har oppretta gravlegat. No treng me ein ny.

I kyrkjegardsvedtektene for kyrkjegardane i Etnedal står fyljande:

### §7 Gravlegat

Festar eller ansvarleg for grav kan, ved å betala ein sum til eit gravlegat, få stelt grava av andre. Kyrkjevevja er legatstyrar. Det blir ført eigen rekneskap med revidering. Fellesrådet fastset ein årleg sum for stell av gravene etter storleik. Fellesrådet kan berekne seg provisjon av administrasjon og revisjon av gravlegata. Gravlegatet kan ikkje opprettast for lengre tid enn festetida, men etter varsel kan legat-summen aukast. Vedlikehaldet vil opphøyre når pengane er oppbrukte. Dersom det er att midlar når grava skal slettast, blir dei brukte til alminneleg pynting av kyrkjegarden.

### Vil du ha arbeid?

Gravene skal pyntast vår, sommar og haust. Den som steller grava må også fylje med i sommarhalvåret for å sjå om gravene er fine.

Dersom dette kan vera noko for deg ber vi deg ta kontakt med kyrkjeverge Marie Bjørnødegård på telefon: 61 12 13 20/ 91 83 70 11 eller e-post: mb836@kyrkja.no

## Ordinære åpningstider på kyrkjekontoret:

Mandag, tirsdag, torsdag og fredag  
kl. 09.00 – kl. 15.00.

Vi er få i staben, så ved møter og annen virksomhet kan kontoret være stengt. Da er det mulig å ta kontakt med servicetorget i kommunen som har informasjon om når kontoret åpner igjen. For å være helt sikker på å treffe oss, er det lurt å avtale tid.

Telefonnr: 61 12 13 20

E-post: post.etnedal@kyrkja.no

På nettsiden: [www.kirken.no/etnedal](http://www.kirken.no/etnedal)  
finner dere mer informasjon om oss.

Sokneprest Marit Slettum har  
ikkje faste kontortider.

Ho kan treffast på tlf. 913 93 314


Etnedal  
kommune



- Minst og best -

**Kommune-info**  
Sjå også Etnedal kommunes hjemmeside [www.etnedal.kommune.no](http://www.etnedal.kommune.no), og Etnedal kommunes face-book-side



## 27.-28. juli

### Arrangør: Etnedal skilag

Det blir Etnedalsdager med den tradisjonelle håndverksutstillinga i sentrum, og god underholdning fra scenen.

Det blir som alltid salg av rømmegraut og grillmat, og vi lover at det blir varierte aktiviteter for både store og små.

Sett av helga, og følg med på vår hjemmeside [www.etnedalskilag.no](http://www.etnedalskilag.no).



(Arkivbilde frå Etnedalsdagene)

Hjertelig takk for pengegaven, som ble gitt ved Engebret Espeseth sin begravelse.



Hilsen Hjemmesykepleien

Hjertelig takk for pengegaven, som ble gitt ved Magnar Øyen sin begravelse.



Hilsen Hjemmesykepleien

Hjertelig takk for pengegaven, som ble gitt ved Olaug Marit Byfuglien sin begravelse.



Hilsen Hjemmesykepleien

Hjertelig takk for pengegaven, som ble gitt ved Ole A. Robøle sin begravelse.



Hilsen Hjemmesykepleien

Hjertelig takk for pengegaven, som ble gitt ved Nelly Westli sin begravelse.



Hilsen Hjemmesykepleien

# BUA utstyrsentral opna i Etnedal

## Opningstider:

Tysdagar 14.30 – 17

Fredag: 14.30-16



**Etnedøler i alle aldrar kan no få låne det meste av heilt nytt vinterutstyr for uteliv, og sjå om det er interessant.**

### Bankbygget

I Etnedal er det Frivilligsentralen som organiserer BUA. Det er snikra og laga praktisk og oversiktleg system for utstyret, som ligg i underetasjen til bankbygget. Slik er det er kort veg for Kari Skogstad, som har hovudansvaret som leiar av Frivilligsentralen i same bygget.

### Opning av ordførar Toril

Ordførar Toril Grønbrekk opna BUA saman med ein fin flokk små etnedøler, med å kutte snora til inngangsdøra. Ho sa at det er stor stas for etnedølene å kunne opne den fyrste BUA i Valdres. Sjølv hadde ho alt lånt trugar, prøvegått, og trur ho no kjem til å kjøpe seg eit par. Ho presiserte at dette er eit flott innslag til aktivitetane i Frivilligsentralen der Kari får til mykje – med god hjelp.

### Gåve-pengar

Pengane til dette flotte tiltaket kjem frå Leningen-midlane med 100 000kr, Gjensidigestiftelsen 100 000 kr og Sparebankstiftelsen 125 000 kr. Utstyret som er kjøpt inn er så langt til vinterbruk. Det kan nemnast lokalt laga akemat-ter, sparkar, ski, trugar, hjelmar og meir til. Etter

kvart skal det utvidast med telt og anna for sommarbruk.

Både vaksne og barn er velkomne til å låne og prøve ut før eventuelt privat innkjøp. Vitsen er at folk skal kunne finne ut om det er å satse på. Det er ressurs-sparane på ulike måtar: å kunne låne heller enn å eige, kanskje gå lei, vekse ifrå eller slutte av andre grunnar. For mange kan økonomien også vera avgjerande med dyre innkjøp. Lånet av utstyr er eigentleg avgrensa til ei veke, men kan forlengast. Utstyret bør leverast attende utan skader, elles kan det bli krav om erstatning. Det viktigaste er auka folkehelse med meir uteliv i frisk luft for både små og store.

### Historia

Historikken fortel at BUA-systemet starta i 2014, og no er det 77 slike utlånssentralar i Noreg.

BUA er ei norsk oppfinning. Det var ei dame som starta det heile, fortalde Anja Lindal frå kontoret til BUA i Oslo. Ho syntest det var artig å kunne koma til opninga i Etnedal, sidan ho opprinneleg er Dokka-jente. Ho viste også korleis folk kan bruke nettet for å bestille utstyr, med storleik og rett mål for rett bruk..

Utlånet er fyrst og fremst tenkt på barn og unge, men så langt det er ledig, får vaksne låne også.

Ingun Kompen



*BUA - utlånsentralen av sportsutstyr i Etnedal – vart nyleg opna med snorkutting av ordførar Toril Grønbrekk saman med frå venstre Adrian, Thea og Heidi Skogstad Kvernmo, Vilde Vestheim Skogstad, Maren Espeseth og Maren Madelen Beito Sveen Skjellerud.*



*BUA-ansvarleg og dagleg leiar på Frivilligsentralen Kari Skogstad saman med Anja Lindal frå BUA-kontoret i Oslo.*

## Gjevarglede

Flatøydegard helselag er eitt av sju krinslag som høyrer til Nasjonalforeningen for folkehelsen Etnedal helselag. I daglegtale Etnedal helselag. I likheit med dei andre krinslaga har dei medlemsmøte, ein triveleg møteplass for mange, der endå fleire er hjarteleg velkomne. Det er arenaer for gode samtaler, mat og årsal. Elles deltek alle laga på fellesaktivitetar, og det er årlege basarar i kvart krinslag. I 2018 samla krinslaga tilsaman inn 59.900 kr. på basarane sine.

På medlemsmøtet i januar, hos Anna Skjærstein, var Kari Skogstad frå Frivilligsentralen og Kari Elin Solberg Saglien, kasserar for Bjørktun grendehus, venleg innkalla for å motta gåver.

Dei fekk med seg 5000 kr. kvar til Frivilligsentralen og Bjørktun grendehus.



*Anna Skjærstein og Trine Lundstein overrekker her gåvene til Kari Elin Saglien Solberg og Kari Skogstad, som begge sette stor pris på omtanken frå Flatøydegard helselag. Pengane kjem godt med. Bak sit Einar Lundstein og Ingrid Bergene.*

## Hemmeleg korist?

Bruflat sangkor er snart eit minikor, og då kan det fort bli eit ikkje-eksisterande kor.

For å halde liv i korsongen i bygda, er det no eit samarbeid med koret i Hedalen.

Kjell Ivar Vestrom er tilsett som dirigent i begge kora. Hedølen har allsidig musikalsk utdanning og bakgrunn, og er alt veldig godt motteken i Bruflat Sangkor. Det er lagt opp til nokre samlingar attåt øving kvar for seg utover våren.

### Likar du å synge, åleine eller saman med andre?

Du er meir enn velkomen i Bruflat sangkor! Utan koret blir det ikkje kor- song på 17. mai, ingen julekonsertar eller anna korsong i kyrkjene, ikkje songarstemne, ikkje underhalding på basarar og andre tilstellingar med meir.

Korsong gjev mykje glede - både for dei som syng og for dei som lyttar. Vi veit det er mange med gode stemmer i bygda! Til fleire som deltek, til morosamare er det, så BLI KORSONGAR DU OGSÅ!

Vi øver tysdagar kl 19 på skulen, inngang mot elva under gymsalen.

Helsing  
Glade korsongarar



*Kjell Ivar Vestrom er ny dirigent i Bruflat sangkor. Han har allsidig musikalsk utdanning og bakgrunn, og er veldig godt mottaken i Bruflat sangkor*

# Dåpshøgtider



*To barn vart  
døpt i Bruflat kyrkje  
søndag 10. mars kl. 11*



*Oliver Bergkvist Evensen, med foreldra Stine Bergkvist og Magnus Evensen*



*Nikolai Brusveen, med foreldra Siri Berntsen og Stian Brusveen*



*Johannes Kringli Skatteboe  
vart døpt søndag 10. februar  
i Rogne kyrkje i Øystre Slidre.*

*Dåpsbarnet saman med prest-  
en, prost Carl Phillip Weisser  
og foreldra Kari Lundmoen  
Kringli og Georg Skatteboe et-  
ter dåpen.*

## Prestens hjørne



Eg hugsar godt påskene då eg var unge. Vi laga skiløyper på jordet og ut grinda forbi Ulvesveen. Hakket eldre var det åstur, der vi gjerne kom innatt på løyper oppå Stormyrhøgden og gjekk mot Svarkevatna. Den verkelege langturen var å køyre åt «Huggulin» og gå på Spåtind. Lite ante eg vel då at bygdene vi såg vestover frå toppen av Spåtind, skulle bli heimtraktene mine ein god del år seinare...

Dei fyrste åra mine i Etnedal var eg mykje i fjellet, både sommar og vinter. Det har diverre vorte sjeldnare, men eg gler meg med alle som ofte får oppleve fjellet og naturen i den fine bygda vår, slik som no ved påsketider. Det gjev ein eigen ro, fred og fridomskjensle å ferdast ute i Guds natur.

Eg har ikkje vakse opp med kyrkjepåske og gudstenester, men bibelsoga vart eg tidleg interessert i. Minnet om bibelforteljingane frå skuletida, sit enno spikra. Lærerinna mi dei tre fyrste åra las Jesu lidingssoge og gret, og djupt i min erindring ser eg for meg at då vi kom til borgen hos Pilatus, ba eg om at Jesus måtte bli frikjent og slippe ...

Seinare reiste eg på kristen leir, og lærte litt etter kvart at Jesus måtte gå vegen til krossen for vår skuld. Det året eg fylte seksten var eg for fyrste gong med på «påskeaksjon» i Valdres. Vi hadde base på bedehuset i Bagn, og så reiste vi rundt til kyrkjer, men mest til hotell og fjellstuer og fortalte om vårt møte med påskebodskapen. Unge og engasjerte var vi, og mange ville høyre om Jesus, han som døydde på krossen og som grytidleg ein sundag morgon sto opp frå si grav og overvann døden. Ja, ikkje berre det, han lever, i våre liv, midt iblant oss, i dag!

Eg gler meg over at eg framleis, etter alle desse åra, har engasjement for påskefellesskapet i kyrkjene våre og elles. Kvar raud dag i påska har vi eit

## Slekters gang

### DØYPT



Johannes Kringli Skatteboe 10.02 (Rogne kyrkje)

#### Brufat kyrkje

Nikolai Brusveen 10.03

Oliver Bergkvist Evensen 10.03

### VIGDE



#### Brufat kyrkje

Åsa Petra Magdalena Granström og Erlend Berg

### DØDE



#### Brufat sokn

Arne Flatmark

Magnar Øyen

Åse Sveen

Engebret Espeseth

Ole A. Robøle

Nelly Westly

stående tilbod om å kome, vere ilag, synge, lese, be og tilbe Jesus Kristus, verda sin Frelsar. Hjarteleg vel møtt!

Signa, god påske!

Marit prest

# VEL MØTT TIL GUDSTENESTE



## 14. april - Palmesøndag

*Preiketekst: Joh. 12,1-13*

kl. 11.00 Klubbhuset, Mosletta.  
Egil Grandhagen talar.  
Takkoffer til Norsk Luthersk  
Misjonssamband. Kyrkjekaffe.

## 18. april - Skjærtorsdag

*Preiketekst: Joh. 13,1-17*

kl. 11.00 Etnedalsheimen. Nattverd  
kl. 19.00 Bruflat kyrkje. Nattverd

## 19. april - Langfredag

kl. 11.00 Røde-kors-hytta, Lenningen.  
Påskeandakt. Kaffe

## 21. april – Påskedag

*Preiketekst: Joh. 20,1-10*

kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Høgtidsgudsteneste.  
Dåp. Nattverd.  
Takkoffer til Det norske Misjonsselskap

## 22. april – 2.Påskedag

*Preiketekst: Joh. 20,11-18*

kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje.  
Høgtidsgudsteneste. Nattverd  
Takkoffer til Det norske Misjonsselskap

## 28. april – inga gudsteneste

## 1.mai

*Preiketekst: Matt. 20,25-28*

kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Solidaritetsgudsteneste.  
Takkoffer til Norsk folkehjelp.

## 5. mai og 12. mai : Inga gudsteneste

## 17. mai – Grunnlovsdagen

*Preiketekst: Luk. 17,11-19*

kl. 10.30 Bruflat kyrkje. Familiegudsteneste.  
Konfirmantane deltek.  
Takkoffer til trusopplæring i  
kyrkjelyden

## 19. mai – 5. søndag i påsketiden

*Preiketekst: 1. Kong. 8, 12-13.27-30*

kl. 11.00 Brusveen, Smiugardsbygda.  
Grendegudsteneste. Nattverd  
Takkoffer til Norsk Luthersk  
Misjonssamband.

## 26. mai – 6. søndag i påsketiden

*Preiketekst: Matt. 6, 7-13*

kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Gudsteneste med dåp.  
Kl.16.00 Nord-Etnedal kyrkje.  
Samtalegudsteneste.

## 30. mai – Kristi himmelfartsdag

*Preiketekst: Joh. 17,1-5*

kl. 11.00 Svilosen. Gudsteneste.  
Takkoffer til Stefanusstiftelsen

## 2. juni - Søndag før pinse

*Preiketekst: Joh. 16, 12-15*

kl. 11.00 Bruflat kyrkje.  
Konfirmasjonsgudsteneste. Nattverd  
Takkoffer til Frelsesarmeen.

## 9. juni – 1. Pinsedag

*Preiketekst: Joh. 14, 23-29*

kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje.  
Konfirmasjonsgudsteneste. Nattverd  
Takkoffer til Frelsesarmeen.

## 10. juni - 2. Pinsedag

kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Nattverd.  
Takkoffer til Menighetsfakultetet.

## 16. juni – inga gudsteneste

## 23. juni – 2. søndag i treenighetstiden

*Preiketekst: Joh. 3,1-13*

kl. 12.00 Solbjør, hos Tutta Solberg.  
Grendegudsteneste.  
Takkoffer til Bjørktun grendehus

Med atterhald om evt. endringar.

Gudstenestene blir kunngjort i avisa «Valdres».

## Jesu Kristi oppstode

*Tidleg om morgonen første dagen i veka, medan det endå er mørkt, kjem Maria Magdalena til grava. Då får ho sjå at steinen er teken bort frå grava. <sup>2</sup> Ho spring av stad og kjem til Simon Peter og den andre læresveinen, han som Jesus hadde kjær, og seier til dei: «Dei har teke Herren ut av grava, og vi veit ikkje kvar dei har lagt han.» <sup>3</sup> Då tok Peter og den andre læresveinen ut og kom til grava. <sup>4</sup> Dei sprang saman, men den andre læresveinen sprang fortare enn Peter og kom først til grava. <sup>5</sup> Han bøygde seg inn og såg linkleda som låg der, men han gjekk ikkje inn i grava. <sup>6</sup> Simon Peter følgde etter, og han gjekk inn. Han såg linkleda som låg der, <sup>7</sup> og duken som Jesus hadde hatt over hovudet. Den låg ikkje saman med linkleda, men samanrulla på ein stad for seg. <sup>8</sup> Då gjekk den andre læresveinen òg inn, han som var komen først fram til grava. Han såg og trudde. <sup>9</sup> For endå hadde dei ikkje skjøna det Skrifta seier, at han måtte stå opp frå dei døde. <sup>10</sup> Så gjekk læresveinane heim. Joh 20,1-10*

